

Katrine Kjølraug
Gangstøvegen 85
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/6502 - 20/41054

Saksbehandlar:
Maria Kongestøl
maria.kongestol@alver.kommune.no

Dato:
29.06.2020

Foreløpig svar og med trong for tilleggsdokumentasjon - GBNR 133/5 Soltvent Søndre

Tiltak: Garasje
Byggjestad: Gbnr: 133/5
Tiltakshavar: Katrine Kjølraug
Ansvarleg søkjar: Katrine Kjølraug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad. Ut i frå den dokumentasjonen som ligg føre i saka er det uklart for kommunen om tiltaket kjem i konflikt med overflatedyrka mark. For å kunne handsame søknaden er det difor naudsynt med dokumentasjon som syner nøyaktig plassering av tiltaket, der tiltaket ikkje kjem i konflikt med overflatedyrka mark. Bruk vedlagte kart for å teikne inn tiltaket si plassering. Kommunen manglar også opplysningar om tiltaket sitt totale BRA (bruksareal).

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt situasjonskart som syner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med overflatedyrka mark.
2. Opplysningar om tiltaket sitt totale BRA (bruksareal).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.07.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Maria Kongestøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart
Situasjonskart
Situasjonskart

Mottakarar:

Katrine Kjørlaus

Gangstøvegen 85

5911

ALVERSUND